

**Notat**

Dato: 28.04.2014

Arkivsak: 2014/14001-2

Saksbehandlar: monsogn

---

Til:	Ingrid Kristine Holm Svendsen, Anna Elisa Tryti, Bård Sandal, Håkon Rasmussen, Arne Åsan, Svein Leidulf Heggheim
Frå:	Fylkesrådmannen

---

**Budsjett 2015 - Mål og målsetjingar**

I rundskriv av 20. mars 2014 til fylkesdirektørane om Budsjett 2015 – økonomiplan 2015-2018, nemnde fylkesrådmannen at det i budsjettet for 2015 skal innarbeidast målsetjingar med tilhøyrande måltal for dei ulike avdelingsbudsjetta. I rundskrivet vart det nemnt at ein bør konsentrera seg om nokre få viktige mål. Det vart vidare nemnt at måltala skal vera ein del av tertialrapporteringa som vert lagt fram for fylkestinget.

Fylkesrådmannen presiserer i dette notatet korleis prosessen kring utarbeiding av målsetjingar og måltal skal gjennomførast. Hovudpunkta er:

- Måltala skal innarbeidast i budsjettet for 2015
- Tertialrapport etter 1. tertial 2015 til fylkestinget i juni 2015 er første oppfølgingspunkt
- Første utkast til avdelingsvise måltal skal drøftast i toppleiargruppa i juni

Fylkesrådmannen understrekar at det er avdelingane sjølv som skal utarbeida måla. Økonomiavdelinga har ei samordnings- og oppfølgningsrolle overfor dei ulike avdelingane. Sidan fylkeskommunen har ulikt arbeidsfelt frå avdeling til avdeling, er det vanskeleg å utarbeida ein fast mal for kva som er høvelege målsetjingar. For nokre avdelingar er konkrete resultatmål mest treffande, medan det for andre avdelingar er naturleg og mogeleg å finna fram til effektmål.

For at det skal vera mogeleg å følgja opp målsetjinga gjennom året, må ein finna fram til mål som er «målbare» og der ein raskt kan slå fast om måla er nådde eller ikkje.

Regionalutviklingsavdelinga ved Analyse, utgreiing og dokumentasjon – AUD – har ein god del statistikkmaterialer som t.d. kan brukast ved samanlikning med andre. Avdelingane kan kontakta AUD i samband med utarbeiding av målsetjingane.

Det er ulik tilnærming til arbeidet med målsetjingar i fylkeskommunane. T.d. har Telemark fylkeskommune eit Mål- og budsjett dokument der fylkeskommunen sine utfordringar og resultatmål framgår, jfr. linken <http://ws.t-fk.no/download/720/10917/13043860%20MOB-2014-17%20FR%20FORSLAG%20INKL.%20VEDLEGG.PDF>

Fylkesrådmannen legg opp til ein prosess der utkast til målsetjingar vert handsama i toppleiargruppa i juni. Avdelingsdirektørane må difor senda utkast til mål og målsetjingar til Fylkesdirektør for økonomi innan 13. juni.

Etter drøfting i toppleiargruppa skal endelige mål utarbeidast i samband med budsjettprosessen – der avdelingane har frist til 1. september med å levera budsjettforslaget.

Kopi til:

Rolf Rosenlund

Karl Viken

Hanne Camilla Dyrnes

Torunn Wilhelmine Lindland Gaarden

Ingrid Røynstrand Birkelund

Ingvar Skeie

Nils Egil Vetlesand

Odd Kenneth Mellingen